



Tilråding til vern av Giske marine verneområde



Innhald

1	Tilråding	3
2	Grunnlag for vern	3
3	Området	4
3.1	Verneverdiar	4
3.2	Trugsmål mot verneverdiane	4
3.3	Brukarinteresser	5
3.4	Planstatus	5
4.	Saksbehandling	6
4.1	Bakgrunn	6
4.2	Saksgang	6
5.	Endringar etter høyring	6
5.1	Avgrensingar	6
5.2	Verneforskrift	7
6.	Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar	7
7.	Merknader til verneforslaget	7
7.1	Liste over uttalar	7
7.2	Haldningar til verneplanen	7
7.3	Verneplanprosessen	8
7.4	Namnsetting	8
7.5	Formålet med vernet	9
7.6	Geografisk avgrensing	9
7.8	Fiskeri, jakt og fangst	9
7.9	Tarehausting	10
7.10	Masseuttak	14
7.11	Akvakultur	14
7.12	Marin samferdsel	14
7.13	Kablar og røyr	14
7.14	Reiseliv	15
7.15	Kulturminne og kulturmiljø i sjø	15
7.16	Verknader på andre planar	15
7.17	Forvaltning og skjøtsel	15
8.	Samla vurdering og tilråding	15
9.	Forslag til forskrift om vern av Giske marine verneområde	17
10.	Vernekart	20

1 Tilråding

Statsforvaltaren tilrår at Giske marine verneområde blir oppretta med heimel i § 39 bokstav a), c) og c) i naturmangfaldlova, jf. også måla i § 33 bokstav a), d) og h). Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på om lag 72,8 km². Alt av dette er nytt vern. Vi har då ikkje rekna med at delar av Giske dyrelivsfredning overlappar med det marine verneområdet.

Øvre avgrensing av området er føreslått til to meter under sjøkartnull, unntatt der verneområdet er trekt utanom ulik infrastruktur (grensa går djupare), og der verneområdet grenser til eksisterande naturreservat på land og i sjø (grensa går grunnare: opp til normal flo). I tillegg er grensa mot eigarlaus holmar og skjer definert opp til normal flo. Det inneber at privat grunn er omfatta i avgrensa omfang.

Innanfor det marine verneområdet rår vi til at det blir fastsett ei sone med forbod mot tarehausting i samsvar med alternativ 1 i høyringsforslaget.

I det følgjande gir statsforvaltaren ein gjennomgang av grunnlaget for vern, verneprosessen og merknader til høyring av verneforslaget. For verknader av planen viser vi i hovudsak til verneplanomtalen i høyringsforslaget.

I kapittel 8 gir vi ei samla vurdering av verneforslaget, inkludert ei vurdering etter naturmangfaldslova kap. II.

2 Grunnlag for vern

FN-konvensjonen om biologisk mangfald har som mål å ta vare på det biologiske mangfaldet og bruke biologiske ressursar på ein berekraftig og rettferdig måte. På partsmøtet under konvensjonen hausten 2010 vart landa einige om nye mål for 2020, mellom anna Aichi-mål 11 om å sikre eit effektivt og representativt vern av 10 prosent av verdens kyst- og havområde. FN sine berekraftsmål samsvarar også med dette. På partsmøtet i desember 2022, vart det semje om eit nytt globalt rammeverk, Kunming-Montreal rammeverket, og nye mål, mellom anna at 30 prosent av verdens hav skal vernast eller bevarast.

I Stortingsmelding 29 (2020-2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur* sa regjeringa at marint vern etter naturmangfaldlova skal bidra til at eit utval av representative, særreigne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tekne vare på for framtida. Områda skal – saman med areal som er beskytta etter anna lovverk – danne eit nettverk av verna og beskytta område som skal ta vare på økosystem og naturverdiar. Områda skal dekkje variasjonsbreidda i norsk marin natur.

I Stortingsmelding 21 (2023-24) *Helhetlige forvaltningsplaner for de norske havområdene*, er det vist til at Stortinget ved oppmodingsvedtak i 2021 har bedt regjeringa oppfylle målet om 10 prosent vern av kyst- og havområde innan 2030. I meldinga kjem det også fram at regjeringa vil vektlegge bevaring og restaurering av marin vegetasjon og område med karbonrike sediment i det vidare arbeidet med marint vern.

Marine verneområde blir oppretta med heimel i § 39 i naturmangfaldlova:

Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier, herunder naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter. Som marine verneområder kan vernes områder som

- a) inneholder særegne eller representative økosystemer og som er uten tyngre naturinngrep,*
- b) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*

- c) representerer en bestemt type natur,
- d) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- e) utgjør en spesiell geologisk forekomst,
- f) har særskilt naturvitenskapelig verdi, eller
- g) har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere nærmere bestemte arter.

Verneområder i sjø kan opprettes for å oppfylle ett eller flere av målene i § 33 første ledd.

Verneområdet i sjø må angi om verneformålet og restriksjoner gjelder bunn, vannsøyle, overflate eller en kombinasjon av disse. For øvrig gjelder §§ 33, 34 og §§ 40 til 51 tilsvarende så langt de passer.

I et verneområde i sjø må ingen foreta seg noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et verneområde i sjø kan vernes mot all virksomhet, forurensning, tiltak og bruk, med de begrensninger som følger av folkeretten. Restriksjoner på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.

Høsting og annen utnytting av viltlevende marine ressurser reguleres etter havressurslova innenfor rammene av verneforskriften.

Marine områder der beskyttelsen kun består av nærmere bestemte regler om utøving av fiske, fastsettes etter havressurslova.

3 Området

3.1 Verneverdiar

Giske er tatt med i marin verneplan som representant for spesielle grunnvassområde langs kysten som eitt av få område i Sør-Noreg med store areal med sand og mudderbotn. Det representerer spesielle naturtypar som har avgrensa førekomst nasjonalt, men er meir vanlig i denne landsdelen.

Verneverdiane er knytt til store grunne areal med stein-, sand- og mudderbotn, plante- og dyrelivet som lever på og i botnen, og dei spesielle geologiske og hydrodynamiske forholda som har skapt og opprettheld naturtypane. Det er godt utvikla tareskog i store deler av området, og den marine floraen og faunaen består av eit rikt mangfald av artar karakteristisk for grunne område med sand, grus, stein og fjell. Dei marine naturkvalitetane er også grunnlag for viktige funksjonsområde for m.a. sjøfugl, ender og vadarar.

Fleire verneområde grensar til Giske marine verneområde, og seks av desse har Ramsarstatus som del av Giske våtmarksområde.

Samla sett oppfyller området kriteria i nml. § 39 bokstavane a), c), d), e), f) og g), jf. også måla i nml. § 33 første ledd bokstavane a), b), d) og h).

3.2 Trugsmål mot verneverdiane

Ei rad potensielle trugsmål mot verneverdiane er aktuelle for Giske marine verneområde, i første rekke større, fysiske inngrep som påverkar sjøbotnen, og som kan endre økosystemet. Dette kan til dømes være utfylling, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring og plassering av konstruksjonar på havbotnen. Klimaendringar kan forskyve leveområda for ei rad artar, og endre konkurranseforholda i økosystema. Artar kan gå ut, nye kan komme inn, og fordelinga mellom artar kan bli endra. Introduksjon av framande artar som t.d. japansk sjøpung (hamnespy) vil kunne ha svært negativ verknad på plante- og dyrelivet,

Deretter påverkar ulike former for ressursutnytting økosystema i stor grad utan nødvendigvis å endre dei grunnleggande fysiske forholda. Døme på slike aktivitetar er tarehausting, fiskeri og jakt og fangst.

Gitt dei store grunnområda er området svært sårbart for oljeforureining, ytterlegare understreka av den nære koplinga til Ramsar-områda.

3.3 Brukarinteresser

Tarehausting

Det er omfattande taretråling i Giske kommune og innanfor området aktuelt som marint verneområde. Tareskogane innanfor Giske marine verneområder er mellom dei hardast hausta tareskogane i landet.

Fiskeri

Det er knytt noko fiskeriinteresser til området foreslått som Giske marine verneområde. Av fiskeriaktivitet er det registrert område for fiske med snurrevad etter torsk, hyse og rødspette i djuprenna frå nordaust for Erkna, forbi Syneset og innover Synesvikane. Nordaust for Erkna blir det fiska med line etter hyse, lange og brosme. Til sist er det registrert låssettingsplassar for sild og makrell utanfor Blindheimsvika og Ytterland.

Friluftsliv/reiseliv

Området har viktige kvalitetar for friluftsliv og reiseliv. Aktivitetane på, i og langs sjøen er i stor grad retta mot sjøoverflate, sjøbotn, grunnområda, fjæresona og strandsona med dei opplevingskvalitetane kystlandskapet byr på. Døme på aktivitetar er turgåing, badeliv, fuglekikking, fritidsfiske, båtliv, padling, kiting og dykking inkl. skjelplukking.

Akvakultur

Området er ikkje eigna for akvakultur Området er grunt og eksponert, og det har til nyleg ikkje vore knytt akvakulturinteresser til området vest for Valderøya og Vigra. I 2018 vart det gitt konsesjon for eit anlegg på 80 dekar for oppdrett av tare, lokalitet Vikane. Prøvedrift viste at Vikane var lite eigna, og selskapet har klarert alternative lokalitetar. Vi legg til grunn at konsesjonen på lokaliteten vil bli sletta.

3.4 Planstatus

Det meste av landarealet som grensar til sjøområda aktuelle for marint vern er sett av til Landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF). Vesentlege næringsområde er konsentrert til Gjøundet.

Det meste av sjøareala er sett av til kombinasjonsformål Natur -, ferdsel-, fiske- og friluftsliv (NFFF). Det einaste området tilrettelagt for akvakultur er eit NFFFA-område ved Sørestranda på Vigra. Det er sett av to område ved Blindheimsvika og Ytterlandsvika til fiskeriformål (kaste- og låssettingsplassar). Rundt nord- og vestsida av Giske, ved Hustruhamna og utanfor Blimsanden er det sett av friluftsområde i sjø.

I tillegg til planformåla er det sett av fleire typar omsynssoner og bandleggingssoner på sjøareala. Desse omfattar omsynssoner for friluftsliv, naturmiljø og kulturmiljø, og bandleggingssoner for naturvernområde.

4. Saksbehandling

4.1 Bakgrunn

Rådgivande utval for marine verneområde (Brattegard-utvalet) vart oppnemnt i 1991. Utvalet la fram ei kartlegging av eigna marine verneområde i 1995 (1). Rådgivande utval for marin verneplan (Skjoldal-utvalet) vart oppnemnt i 2001 og la då fram ei bruttoliste over moglege kandidat område til marin verneplan. I 2003 la utvalet fram ei førebels tilråding (2) med forslag til område som blir tatt med i verneplanen, følgt opp av ei endeleg tilråding i 2004 (3). Ei rad område er etter dette verna i samsvar med verneplanen og føringane i Stortingsmelding 14 (2015-2016) *Natur for livet*, og fleire område er under handsaming.

Klima- og miljødepartementet bad i april 2017 Miljødirektoratet vidareføre arbeidet med marint vern for sju nye område (4). Mellom desse var Giske, Griphølen og Remman i Møre og Romsdal. Miljødirektoratet gav Fylkesmannen i Møre og Romsdal (no Statsforvaltaren) i oppdrag å starte opp arbeidet med desse tre områda same månad (4).

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har gjennomført det praktiske arbeidet med verneplanen for marint vern ved Giske. Miljødirektoratet er fagleg ansvarleg for arbeidet.

4.2 Saksgang

Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) meldte om oppstart av verneplanarbeidet 15. mars 2019. Oppstart blei annonsert i aviser, på nett og med brev til grunneigarar og kjende interessentar, med seks veker frist for å komme med skriftlege innspel. Det blei arrangert ope informasjonsmøte 13. mai 2019. Det kom inn 13 innspel til verneplanarbeidet. Desse er summert opp og kommentert i eit eige merknadshefte.

Fylkesmannen og no Statsforvaltaren har fram mot høyring hatt fleire arbeidsmøte der eit breitt tilfang av etatar og interessentar har vore invitert. Dei viktigaste aktørane som har vore representert er Giske kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fiskeridirektoratet, regionalt og lokalt fiskarlag, Sjømat Norge og representantar for tarehausting. Statsforvaltaren sitt endelege forslag til verneplan vart seinast lagt fram i møte 11.03.2024, i forkant av oversending til fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet. Arbeidet har diverre lidd under manglande kapasitet hos Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sendte verneforslag for Giske marine verneområde på høyring 20.08.2024. Høyringa blei annonsert i aviser, på nett og med brev til grunneigarar og kjende interessentar. Frist for merknader var sett til 31.10.2024. Ope informasjonsmøte vart arrangert i Giske rådhus 17.09.2024. Det kom inn 18 merknader til høyringa.

5. Endringar etter høyring

5.1 Avgrensingar

Statsforvaltaren har ikkje forslag om endra avgrensing av Giske marine verneområde eller restriksjonssone med forbod mot tarehausting.

5.2 Verneforskrift

Etter høyring foreslår Statsforvaltaren ei mindre endring i § 2 for å gjere det tydelegare at areal mellom marbakken/to meters djup og eksisterande verneområde er omfatta av verneforskrifta. I tillegg har vi tatt ut nokre eigedomar i opplistinga i § 2 etter avklaring av kor marbakken går.

6. Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar

Statsforvaltaren foreslår at forvaltningsansvaret for Giske marine verneområde blir lagt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Giske kommune har ikkje signalisert ønskje om å ta på seg forvaltningsansvaret. Det ligg etter vår vurdering heller ikkje til rette for å etablere eit særskilt verneområdestyre for området.

Vi legg vekt på at forvaltninga av Giske marine verneområde må sjåast i samanheng med dei eksisterande verneområda i Giske kommune. Dei fleste grensar direkte mot det marine verneområdet. Statsforvaltaren har i dag forvaltningsansvaret for områda, og gitt Ramsarstatusen rår vi til at det blir vidareført.

Det er føresett at det skal utarbeidast ein forvaltningsplan for Giske marine verneområde. Ut i frå vår kjennskap til området vil kostnader til arbeidet vere om lag som for samanliknbare område. Området har vore del av pilotområde for marin grunnkartlegging, og det vil truleg vere mindre behov for supplerande kartleggingar av naturmangfald. Det vil derimot truleg vere behov for oppfølgjande overvaking av verknader på verneformålet knytt til taretråling og fiske som føresett av rådgjevande utval, jf. avsnitt 3.3.1 i verneplanomtalen.

Vi kan ikkje sjå at Giske marine verneområde utløyser vesentlege erstatningskostnader.

7. Merknader til verneforslaget

I tillegg til den tematiske gjennomgangen nedanfor har Statsforvaltaren utarbeidd eit særskilt merknadshefte med oppsummering av dei enkelte høyringsuttalane med våre kommentarar. Heftet inneheld også merknader ved oppstart, og alle enkeltmerknader er lagt ved i heftet.

7.1 Liste over uttalar

Giske kommune, Haram kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fiskeridirektoratet, Kystverket, Norges vassdrags- og energidirektorat, Linja AS, Statnett, Direktoratet for mineralforvaltning, Statens vegvesen, Havforskningsinstituttet, NTNU Vitenskapsmuseet, Iff N&H Norway AS, Sør-Norges Fiskarlag, 62°Nord AS, Sunnmøre ringmerkingsgruppe, Blindheim Vel m.fl, Knut Støbakk, Hans-Jonny Blindheimsvik m.fl.

7.2 Haldningar til verneplanen

Samtlege høyringsuttalar som har gitt uttrykk for sin haldning er positiv eller nøytral til vern. Innvendingar og forslag om endringar er i hovudsak knytt til restriksjonsnivået for utnytting av tare- og fiskeressursar.

Giske kommunestyre meiner Giske marine verneområde er eit viktig område for både naturvern og berekraftig forvaltning av marine ressursar.

Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til forslaget til vern i Giske marine verneområde.

Fiskeridirektoratet støttar alt arbeid med marine verneplanar og vern for å sikre biologisk mangfald, sluttar seg til forslag til verneformål. Dei er samtidig av den oppfatning at det skal vere ei balanse mellom bruk og vern. Vern må ikkje vere meir omfattande enn nødvendig.

Havforskningsinstituttet meiner det er gode forskingsfaglege argument for å opprette Giske marine verneområde.

NTNU Vitenskapsmuseet støttar forslaget til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om å opprette Giske marine verneområde, og meiner det er godt beskrive og gjort greie for på ein god måte gjennom skildringar av området og dei verdiane som blir ønskte bevart og forvalta som verneområde. Vitenskapsmuseet støttar skildringa av området som eit av få langs norskekysten med samansette grunnvassområde med variert natur. Det har dermed ein nasjonal verdi.

Sør-Norges Fiskarlag har ingen innvendingar til forslaget, så lenge dagens fiskeriaktivitet kan fortsette i tråd med gjeldande regelverk. Ser positivt på at verneforslaget vil bidra til å styrke tareskogen som eit viktig leve-, føde og oppvekstområde for fisk.

Iff N&H Norway AS stiller spørsmål ved grunngevinga for å plukke ut Giske som marint verneområde, m.a. kor spesielt grunnvassområdet er langs kysten. Dette gjeld både geologiske og hydrodynamiske forhold og artsmangfald.

Statsforvaltaren sin kommentar: Giske marine verneområde er plukka ut som ein representant for kategorien spesielle grunnvassområde. At det finst område langs kysten som har liknande eigenskapar talar etter vår vurdering ikkje i mot vern av Giske mvo. Naturmangfaldlova § 39 har som sitt første kriterium for vern at eit område inneheld særeigne eller representative økosystem. Giske marine verneområde tilfredsstillar begge element. Giske marine verneområde inngår i området som har vore pilot for marin grunnkartlegging, og dei fysiske og biologiske forholda er godt kartlagt.

62°Nord AS stiller seg positiv til verneforslaget.

7.3 Verneplanprosessen

Fiskeridirektoratet etterlyser betre medverknad i slutfasen av arbeidet med verneforslaget, m.a. gjennomlesing av høyringsdokumenta før høyring, og at forslag til oppretting av sone med forbod mot taretråling burde vore diskutert og nærare vurdert i den nedsette arbeidsgruppa før den offentlege høyringa. Direktoratet la fram eit nytt forslag til soneavgrensing i si uttale.

Statsforvaltaren sin kommentar: Statsforvaltaren presenterte i forkant av oversending til fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet hovudpunkta i verneforslaget for kommunen, regionale etatar og dei viktigaste interessentane i møte 11.03.2024. Vår grunngeving for, og vurdering av verknader av soner med forbod mot tarehausting var av dei største drøftingselementa på møtet. Avgrensing av tarehausting har også vore drøfta i tidlegare arbeidsmøte. Ved oversending til Miljødirektoratet i etterkant vart verneforslaget lagt ut på vår nettsider, og det vart sendt e-post til m.a. Fiskeridirektoratet med lenke til nettartikkelen. Miljødirektoratet si faglege tilbakemelding var i all hovudsak formelle og språklege presiseringar som ikkje endra substansen i forslaget. Vi såg difor ikkje behov for ytterlegare involvering i forkant av høyring. Sett i ettertid burde det vore invitert til å legge fram alternative forslag. Det framlagte forslaget er vurdert nærare under kap. 7.9.

7.4 Namnsetting

Statsforvaltaren ser Giske marine verneområde som det naturlege namnet på verneområdet. Det har ikkje komme merknader til namnsettinga.

7.5 Formålet med vernet

Fiskeridirektoratet sluttar seg til forslag til verneformål.

NTNU Vitenskapsmuseet meiner verneformålet generelt for mange verneområde er svakt formulert og lite eigna som verktøy for å oppnå formålet. Dei foreslår å endre formuleringa: «...*Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane...*» til at «...*verneverdiane skal behaldast...*» (vår understreking).

7.6 Geografisk avgrensing

Fiskeridirektoratet sluttar seg til forslag til avgrensing av det marine verneområdet.

Møre og Romsdal fylkeskommune og Giske kommune rår til å utvide verneområdet slik at det samsvarar med avgrensinga for Alnes i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal.

Statsforvaltaren sin kommentar: Statsforvaltaren har lagt avgrensinga foreslått av rådgjevande utval til grunn for verneforslaget. Denne tar utgangspunkt i dei særeigne naturkvalitetane grunnvassområda ved Giske, Valderøya og Vigra representerer. Kulturverdiar er ikkje mellom vernekriteria for marine verneområde i § 39 i naturmangfaldlova.

Hans-Jonny Blindheimsvik m.fl.: Eigarane av gbnr 4/34 meiner eigedomene må takast ut mellom eigedomane lista opp i § 2 i verneforskrifta. Dei meiner forskrifta blir oppfatta til at grensa for det marine verneområdet følger middel høgvatn for heile eigedomene. Det er lagt ved kart som viser kor marbakken går.

Statsforvaltaren sin kommentar: Statsforvaltaren har ikkje vurdert kor marbakken ev. ligg for alle eigedomane som er lista i § 2. På bakgrunn av kartet frå grunneigarane er det klart at marbakken ligg godt innanfor grensene for Blindheimsvik fuglefredingsområde, og vi kan difor ta aktuelle eigedomar i denne delen av fuglefredingsområdet frå forskrifta. For å unngå mistydingar andre stader foreslår Statsforvaltaren å endre ordlyden knytt til eigedomar omfatta av det marine verneområdet i § 2 som følger: Ved desse eigedomane er også areal mellom eksisterande verneområde og marbakken/to meter (normal flo) inkludert viss det er tilfelle.

7.8 Fiskeri, jakt og fangst

Havforskningsinstituttet meiner manglande restriksjonar på fiske gjer at det må klassifiserast som ubeskytta og ikkje kan reknast med i det globale målet om 30 % marint vern innan 2023. Forslag til reguleringar vil ikkje gi særleg positive effektar på økosystemet. Hi foreslår å dele opp Giske mvo i soner med varierende restriksjonsgrad, og at fiskerireiskapane med høgast økologisk fotavtrykk ikkje bør nyttast i det marine verneområdet. Bevaring av urørte tareskogsområde med full økosystemfunksjonalitet vil vere viktig. Fisk er ein viktig del av tareøkosystema, og dersom områda ikkje også blir verna mot påverknad frå fiskeri som t.d. snurrevad, er ikkje forslaget å sjå som noko heilskapleg vern for tareskogane og deira økosystemfunksjonalitet.

Statsforvaltaren sin kommentar: Statsforvaltaren tar til etterretning HI si vurdering av manglande samsvar mellom verneforslaget sitt restriksjonsnivå og internasjonale krav til klassifisering av marine verneområde. Vi er samd i at få restriksjonar på fiskeri ikkje gir god måloppnåing kva gjeld positive effektar på økosystemet. Verneforslaget er utforma på bakgrunn av tilrådinga frå rådgjevande utval for marint vern, der regulering av fiske, inkludert snurrevad, ikkje var mellom dei tilrådde restriksjonane for Giske mvo. Etter dei styringssignalar vi har fått frå Miljødirektoratet er fiskeri vurdert som igangverande verksemd som kan halde fram. Verknader av fiskeriverksemd på verneverdiane vil vere eit tema som må følgjast opp i forvaltningsplanen for området og ev. gi grunnlag for tilpassingar, ref. rådgjevande utval si tilråding.

NTNU Vitskapsmuseet meiner unntak for m.a. jakt, fiske og fangst i verneforskrifta § 4 strir mot verneformålet. Vernet blir hola ut, og er ikkje reelt utan endringar i verneforskrifta.

Giske kommunestyre meiner Giske marine verneområde er eit viktig område for både naturvern og berekraftig forvaltning av marine ressursar.

Fiskeridirektoratet finn at verneforslaget ikkje har vesentlege negative effektar på fiskeri og hausting av viltlevande marine ressursar. Marint vern må ikkje vere meir omfattande og strengare enn nødvendig, og berekraftig bruk av både de levende marine ressursane og sjøareala med metodar og i eit omfang som ikkje er til skade for verneformålet må vere tillate.

Sør-Norges Fiskarlag har ingen innvendingar til forslaget, så lenge dagens fiskeriaktivitet kan fortsette i tråd med gjeldande regelverk. Ser positivt på at verneforslaget vil bidra til å styrke tareskogen som eit viktig leve-, føde og oppvekstområde for fisk.

Fiskeridirektoratet foreslår at unntaket i verneforskrifta § 4 bokstav g blir endra frå tradisjonell låssetting av fisk til låssetting av fisk for å unngå tolkingsspørsmål om kva som ligg i omgrepet tradisjonell.

Statsforvaltaren sin kommentar: Utdjuping av korleis dette blir å forstå er naturleg å drøfte i forvaltningsplanen for området.

Iff N&H Norway AS meiner verneplanomtalen overdriv positive verknader av forbod mot tarehausting for fiskeri.

Statsforvaltaren sin kommentar: Statsforvaltaren meiner det er godt grunnlag for vår vurdering, m.a. i HI sine rapportar som viser negativ effekt for fisk i hausta område, og at denne varierer med kor hardt hausta områda er. Delar av tareskogane i Giske mvo er mellom dei mest intensivt tråla areala langs kysten.

7.9 Tarehausting

Giske kommunestyre legg føre-var-prinsippet til grunn og vil forby taretråling innafor Giske marine verneområde, med bakgrunn i at det framleis er usikkerheit knytt til dei langsiktige effektane av taretråling på marine økosystem og betydninga av taretråling på bølgedemping.

Statsforvaltaren sin kommentar: Statsforvaltaren har ikkje lagt vekt på mogleg bølgedempande verknad av tareskog når vi har vurdert behovet for sone med forbod mot tarehausting. Sjå elles vår samla vurdering til slutt i gjennomgangen.

Havforskningsinstituttet og NTNU Vitskapsmuseet meiner forbod mot tarehausting bør gjelde heile verneområdet. Begge rår subsidiært til alternativ 1 med største restriksjonssone for taretråling.

Statsforvaltaren sin kommentar: Sjå vår samla vurdering til slutt i gjennomgangen.

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer alternativ 2 til å vere den beste avgrensinga av restriksjonssone for taretråling.

Statsforvaltaren sin kommentar: Sjå vår samla vurdering til slutt i gjennomgangen.

Sør-Norges Fiskarlag ser positivt på at verneforslaget vil bidra til å styrke tareskogen som eit viktig leve-, føde og oppvekstområde for fisk.

Sunnmøre ringmerkingsgruppe, Blindheim Vel m.fl. ønskjer at eit kartfesta område utanfor strekninga frå Tørrneset til Molnes skal ha forbod mot taretråling. Dei meiner taretråling gir negative verknader for registrerte fugleartar og -lokalitetar gjort greie for i merknaden, gir

reduerte hummarfangstar, og verkar inn på badestranda i Blimssanden, m.a. med oppskyljing av tare året etter taretråling.

Statsforvaltaren sin kommentar: Verneforslaget er utforma på grunnlag av dei føringar som ligg i tilrådinga frå rådgjevande utval og seinare dei styringssignal vi har fått frå Miljødirektoratet. Grunnlaget for at den sørlege delen av verneområdet er prioritert for forbod mot tarehausting er at dette er vurdert som det viktigaste og mest representative området, og er i samsvar med tilråding frå den fylkesregionale arbeidsgruppa for hausting av tang og tare. Vi har ikkje lagt vekt på omsyn til landerosjon i vurderinga av behov for og avgrensing av sone med forbod mot tarehausting.


Knut Støbakk foreslår at grensa for alternativ 1 av sone med forbod mot tarehausting blir trekt nord til Brimneset seglmerke (sjømerkenr. 36216M). Han grunngir det med at kan gi grunnlag for å samanlikne endringar i kystkonturen (landtoningen) nord for neset (med tarehausting) og sør for neset (utan tarehausting).

Statsforvaltaren sin kommentar: Statsforvaltaren har, der det har vore mogleg, avgrensa restriksjonssona for taretråling mot grensa mellom ulike haustefelt for at det skal vere meir oversiktleg med færrest mogleg avgrensingar å halde greie på. Vi har ikkje lagt vekt på omsyn til landerosjon i vurderinga av behov for og avgrensing av sone med forbod mot tarehausting.

Fiskeridirektoratet er samd i at omfanget av taretrålingsforbod må vurderast også ut i frå at det er ein del av verneformålet å ta vare på godt utvikla tareskog. Dei er derimot ikkje einige i den storleiken Statsforvaltaren foreslår. Grunnlaget for dette er konsekvensar for råstofftilgangen. Marint vern må ikkje vere meir omfattande og strengare enn nødvendig, og berekraftig bruk av både de levende marine ressursane og sjøareala med metodar og i eit omfang som ikkje er til skade for verneformålet må vere tillate. Fiskeridirektoratet referer m.a. til rådgjevande utval som grunnlag for å sette av mindre delar med forbod mot tarehausting enn Statsforvaltaren sine forslag.

Statsforvaltaren sin kommentar: Sjå vår samla vurdering til slutt i gjennomgangen.

Fiskeridirektoratet foreslår eit nytt alternativ til forbodssone, og meiner det dekker dei vurderingselementa Statsforvaltaren har stilt opp i kap. 3.3.1 i verneplanomtalen, med lågare konfliktpotensiale mot taretrålinga enn høyringsalternativa. Forslaget omfattar 39 km² og dekker Synesvikane, nordsida av Giske vestover til grensa for dyrelivsfredninga sør for Håflesa, frå Håflesa rett vestover til grensa for marint vern, langs vernegrensa for mvo nordover forbi Erkna og deretter sør-søraust til Synes. Avgrensinga er markert med gult i kartutsnittet nedanfor. Subsidiært tilrår direktoratet alternativ 2.



Statsforvaltaren sin kommentar:

På grunnlag av Fiskeridirektoratet sitt kart har vi berekna kor mykje tareskog som inngår i forslaget, og kor stort årleg tarekvantum som i snitt har vore hausta i ti haustesesongar 2013/2014-2022/2023. Tala er vist i tabellar nedanfor tilsvarende tabell 4 og 5 i verneplanomtalen.

Tareskogareal innanfor forslag til soner med forbod mot taretråling i Giske marine verneområde.

	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ Fiskeridir
Tareskogareal innanfor sonealternativa	38 km ²	33 km ²	26 km ²
Andel av tareskog innanfor Giske mvo (totalt 51,5 km ²)	73 %	65 %	50 %
Andel av tareskog i Møre og Romsdal (totalt 1 007 km ²)	3,8 %	3,3 %	2,6 %
Akkumulert andel tareskog med hausteforbod i Møre og Romsdal (eksisterande 11,2 %)	15,0 %	14,5 %	13,8 %

Hausta kvantum (snitt av ti haustesesongar 2013/2014-2022/2023) innanfor forslag til soner med forbod mot taretråling heldt opp i mot totalt haustekvantum innanfor Giske mvo og i Møre og Romsdal og i Noreg.

	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ Fiskeridir
Årleg kvantum, snitt av ti haustesesongar (tonn)	1 482 t	1 217 t	778 tonn
Andel av kvantum innanfor Giske marine verneområde, snitt av ti haustesesongar (2 816 tonn)	53 %	43 %	28 %
Andel kvantum Møre og Romsdal, snitt av ti haustesesongar (42 387 tonn)	3,5 %	2,9 %	1,8 %
Andel haustekvantum Noreg, snitt av ti haustesesongar (141 256 tonn)	1,05 %	0,86 %	0,55 %

Etter Statsforvaltaren si vurdering blir vesentlege delar av det mest representative området for Giske mvo ved Giske og Giskerevet utelatt med Fiskeridirektoratet sitt forslag. Samtidig blir delar av det hardast tråla området ved Giske liggande ope for hausting, vegg i vegg med område med forbod. Etter vårt syn bør ein legge stor vekt på å halde naturleg avgrensa og samanhengande tareskogar intakt. Forslaget frå Fiskeridirektoratet er også vesentleg svakare enn alternativ 1 ved at det ikkje sikrar naturleg tareskogsdynamikk ved Synesvågen naturreservat. Statsforvaltaren viser også til fagleg støtte frå HI og NTNU for å sette av alternativ 1 med forbod mot tarehausting. Sjå elles vår samla vurdering til slutt i gjennomgangen.

Iff N&H Norway AS meiner det ikkje er behov for fleire/større referanseområde for taretråling. Iff meiner forskning viser at tarehausting har mindre negative konsekvensar for natur og miljø enn mange har frykta, og at det ikkje er vitenskapleg grunnlag for å stenge for hausting i Giske mvo. Tarehausting er ein reversibel påverknad, og det er difor ikkje behov i denne omgang for å forby tarehausting.

Statsforvaltaren sin kommentar: Sjå vår samla vurdering til slutt i gjennomgangen.

Iff N&H Norway AS meiner negative verknader for tilgang på tareråstoff er undervurdert, mellom anna på grunn av omlegging av haustesyklus i perioden. Deira anslag på tapt råstofftilgang er på 3 500 tonn/år for alternativ 1 og 2 500 tonn/år for alternativ 2, mot Statsforvaltaren sine berekningar frå fangstrapporatar på 1 482 og 1 217 tonn/år høvesvis.

Statsforvaltaren sin kommentar: Statsforvaltaren har tatt utgangspunkt i haustetala som kjem fram av fangstrapporteringa til Fiskeridirektoratet. Vi gjer i verneplanomtalen særskilt merksam på at omlegging av haustefelta kan ha påverka fangstmengdene, men at tala gir eit dekkande bilde av den relative verknaden innanfor Giske mvo, og sett opp i mot totalfangsten i Møre og Romsdal. Vi merkar oss at Iff ikkje peikar på at vi har tolka eller brukt fangstrapporteringa feil. Vi har ut over det ikkje grunnlag for å vurdere Iff sine tal for tap av råstofftilfang. Sjå elles vår samla vurdering til slutt i gjennomgangen.

Statsforvaltaren si samla vurdering av merknader til tarehausting:

Det har vore ein klar premiss for arbeidet med Giske marine verneområde at det skal settast av ei større sone med forbod mot tarehausting. Ulike partar har ulik tolking av kor stor forbodssone rådgevinge utval såg for seg ved Giske. Statsforvaltaren meiner å ha godt hald i utvalet sine tilrådingar for vårt forslag. Mellom anna skriv dei at det er viktig at områda ikkje er for små.

Bakgrunnen for dette er at taeskogane er opne økosystem der rekruttering av ulike organismar skjer med straumtransport, og at predatorar som sel og fisk kan vandre over betydelege avstandar.

Statsforvaltaren har i tråd med dette og naturmangfaldlova §§ 9 og 10 vektlagt behovet for større samanhengande tareøkosystem som er fysisk urørt og representative for naturverdiane både i det enkelte området og for kystavsnittet generelt. Dette er også i samsvar med HI sine tidlegare forslag om ein meir økosystembasert forvaltningsmodell for tarehausting. Vi finn også god fagleg støtte for vår tilnærming i HI og NTNU sine uttalar til høyringa av verneplanen.

Kunnskapsgrunnlaget, jf. nml § 8, er no betre enn då utvalet la fram sine tilrådingar, og HI sine rapportar viser negativ effekt for fisk i hausta område. Effekten varierer med kor hardt hausta områda er. Delar av taeskogane i Giske mvo er mellom dei mest intensivt tråla areala langs kysten. For Giske mvo sin del er det underordna at totaleffekten kysten sett under eitt er liten. At HI finn at taeskogen målt som ståande tarebiomasse er godt utvikla fem år etter hausting seier lite om den gjennomsnittlege tilstanden i økosystemet over tid.

I dag er det også ei vesentleg sterkare vektlegging av at robuste økosystem er viktigare i ei verd med aukande klimaendringar, omfattande endringar i artsmangfald og ikkje minst truslar frå invaderande framande arter.

På bakgrunn av dette, og tilråding frå HI og NTNU, rår Statsforvaltaren til at alternativ 1 for restriksjonssone med forbod mot tarehausting ligg til grunn for eit endeleg forslag til vern av Giske marine verneområde.

Konsekvensar for råstofftilgang er etter vår vurdering akseptable gitt målsettingane om vern, jf. også nml. §§ 11 og 12, og at næringa har eit stort unytta potensiale for utnytting av tilgjengelege tareressursar.

7.10 Masseuttak

Direktoratet for mineralforvaltning har ikkje merknader til verneforslaget.

7.11 Akvakultur

Fiskeridirektoratet er samd i at det ikkje er knytt vesentlege akvakulturinteresser til området. Gitt § 5 bokstav b i verneforskrifta er det direktoratet si totalvurdering at vern ikkje har vesentleg negativ effekt for akvakultur

7.12 Marin samferdsel

Kystverket har ikkje merknader til verneforslaget.

7.13 Kablar og røyr

Statnett har ikkje merknader til verneforslaget.

Norges vassdrags- og energidirektorat ber Linja AS informere om planar og prosjekt i området, og uttale seg om verneforslaget tar i vare deira behov.

Linja AS har to 22 kV sjøkablar innanfor verneområdet, og ber statsforvaltaren ta inn standard føresegner for energi- og kraftanlegg i forskrifta for å sikre drift, vedlikehald og oppgradering av nettanlegg.

Statsforvaltaren sin kommentar: Standard føresegner ligg inne i forslag til verneforskrift, og ho bør ikkje vere til hinder for drift, vedlikehald og oppgradering av nettanlegg

7.14 Reiseliv

62°Nord AS stiller seg positiv til verneforslaget.

Iff N&H Norway AS meiner verneplanomtalen overdriv positive verknader av forbod mot tarehausting for reiseliv.

Statsforvaltaren sin kommentar: Reiseliv er vurdert ut i frå eit lokalt perspektiv. Vi meiner marint vern er positivt for fleire reiselivsprodukt, og sikrar mot etablering av inngrep negative for reiseliv.

7.15 Kulturminne og kulturmiljø i sjø

Iff N&H Norway AS meiner verneplanomtalen overdriv positive verknader av forbod mot tarehausting for kulturmiljø.

Statsforvaltaren sin kommentar: Sjølv om det så langt ikkje er registrert marine kulturminne innanfor Giske mvo vil verneforslaget bidra til å skjerme ev. ukjente kulturminne. Vidare vil landskapsverdiar inkl. kystkulturmiljø bli skjerma for framtidige inngrep som stikk over vatn.

7.16 Verknader på andre planar

Statens vegvesen uttalar at verneforslaget ikkje rører ved eksisterande vegnett, og synest ikkje å vere til hinder for anbefalte konsept i KVU for rv. 658. Statens vegvesen legg til grunn at forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon på bakgrunn av vesentleg samfunnsinteresse ved ev. behov for vegfyllingar/ konstruksjonar som rører ved vernesona.

Statsforvaltaren sin kommentar: Mindre tiltak kan vurderast under dei spesifiserte dispensasjonsreglane i § 5 bokstav f. Større tiltak må vurderast etter dei generelle dispensasjonsreglane i nml § 48.

7.17 Forvaltning og skjøtsel

NTNU Vitenskapsmuseet rår til at Statsforvaltaren blir forvaltningsmyndigheit for området.

8. Samla vurdering og tilråding

Vern av Giske marine verneområde bidrar til å nå måla i Stortingsmelding 29 (2020-2021), og med nokre atterhald internasjonale forpliktingar om ivaretaking av naturmangfald. Verneforslaget sikrar eitt av dei få områda i Sør-Noreg med store grunne areal med stein-, sand- og mudderbotn, med tilhøyrande plante- og dyreliv og dei spesielle geologiske og hydrodynamiske forholda som har skapt og opprettheld naturtypene. Det er godt utvikla tareskog i store deler av området, og den marine floraen og faunaen består av eit rikt mangfald av artar karakteristisk for grunne område med sand, grus, stein og fjell. Dei marine naturkvalitetane er også grunnlag for viktige funksjonsområde for m.a. sjøfugl, ender og vadarar, m.a. knytt til dei nærliggande sjøfuglreservata og våtmarksområda med Ramsarstatus.

Området kvalifiserer for vern etter nml. § 39 bokstavane a), c), d), e), f) og g), og bidrar gjennom det til å oppfylle måla i nml. § 33 første ledd bokstavane a), b), d) og h).

Verneforslaget er positivt for naturmiljøet og fleire brukarinteresser som er avhengig av eit intakt tareøkosystem. Negative verknader for brukarinteresser er i hovudsak knytt til redusert ressursgrunnlag for tarehausting.

Statsforvaltaren rår til at vesentlege delar av Giske marine verneområde blir sett av til restriksjonssone utan tarehausting etter alternativ 1. Alternativet sikrar tareskogane i dei mest representative delane av Giske marine verneområde. Tilrådinga er i samsvar med anbefalingane

frå rådgivande utval, støtte frå fleire høyringspartar, spesielt Giske kommune, Havforskningsinstituttet og NTNU Vitenskapsmuseet, og prinsippa om føre-var-tilnærming og økosystem-tilnærming i nml. §§ 9 og 10.

Sjølv om arealet med tareskog tilgjengeleg for hausting innanfor Giske marine verneområde blir redusert med 73 %, utgjer det berre 53 % av hausta kvantum i området, og 3,5 % av haustekvantumet i Møre og Romsdal og 1,05 % nasjonalt. Konsekvensar for råstofftilgang er etter vår vurdering akseptable gitt målsettingane om vern, jf. også nml. §§ 11 og 12, og at næringa har eit stort unytta potensiale for utnytting av tilgjengelege tareressursar.

Verneforslaget er i avgrensing og restriksjonsnivå ut over dette i stor grad i samsvar med anbefalingane frå rådgivande utval, og verneforskrifter for tilsvarande marine verneområde.

Havforskningsinstituttet påpeikar at manglande restriksjonar på fiske gjer at Giske mvo må klassifiserast som ubeskytta og ikkje kan reknast med i det globale målet om 30 % marint vern innan 2030. NTNU Vitenskapsmuseet finn tilsvarande at manglande regulering av fiske, jakt og fangst gjer at vernet blir hôla ut og ikkje er reelt.

Statsforvaltaren deler forskingsinstitusjonane si vurdering av at dette er vesentlege svakheiter ved verneforslaget.

Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for tilrådinga er etter vår vurdering godt, jf. nml. § 8, inkludert om dei manglane som følgjer av at Giske marine verneområde ikkje fullt ut er verna mot negativ påverknad på økosystemet av fiske, jakt og fangst, og av at delar av området framleis vil vere tilgjengeleg for tarehausting.

9. Forslag til forskrift om vern av Giske marine verneområde

Forslag til forskrift om vern av Giske marine verneområde i Giske kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon ... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldloven) § 34, jf. § 39 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (formål)

Formålet med Giske marine verneområde er å ta vare på eitt av dei få områda i Sør-Noreg med store grunne areal med stein-, sand- og mudderbotn, plante- og dyrelivet som lever på og i botnen, og dei spesielle geologiske og hydrodynamiske forholda som har skapt og opprettheld naturtypene. Det er godt utvikla tareskog i store deler av området, og den marine floraen og faunaen består av eit rikt mangfold av artar karakteristisk for grunne område med sand, grus, stein og fjell. Dei marine naturkvalitetane er også grunnlag for viktige funksjonsområde for m.a. sjøfugl, ender og vadarar. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad. Området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking, delar av området som referanseområde for å kunne studere effektar av taretråling.

Verneformålet knyter seg til sjøbotnen, vassøyla og sjøoverflata.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på om lag 72,8 km². Mot matrikulert land på Vigra, Valderøya og Giske følgjer grensa marbakken eller to meter under sjøkartnull der marbakken ikkje finst, med unntak av areal som grensar mot Erkna naturreservat, Langholmen naturreservat, Molnes naturreservat, Rørvikvågen fuglefredingsområde, Synesvågen naturreservat, Blindheimsvik fuglefredingsområde og Giske fuglefredingsområde, der grensa følgjer grensa til eksisterande vern. Mot holmar og skjer som ikkje er matrikulert, følgjer grensa for det marine verneområdet middel høgvasstand (kystkonturen). Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen.

Grensene for det marine verneområdet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.202x.

Det marine verneområdet omfattar følgjande gnr/bnr i Giske kommune:

Gnr/bnr 1/1, 1/6, 1/17, 1/18, 1/75, 2/1, 2/3, 7/101, 7/102, 7/105, 7/119, 7/139, 127/20, 127/21, 127/22, 127/23, 127/37, 129/1, 129/2, 129/3, 129/4, 129/5, 129/6, 129/7, 129/8, 129/9, 129/10, 129/11, 129/12, 129/16. Ved desse eigedomane er også areal mellom eksisterande verneområde og marbakken/to meter (normal flo) inkludert viss det er tilfelle.

§ 3. (vernereglar)

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skadar verneverdiane nemnt i verneformålet. Følgjande vernereglar gjeld:

- a) Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, er verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet i sjø er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.

- c) Området er verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførslar av ureining, utslepp av ureinsa ballastvatn, mudring, uttak og deponering av masse, undervasssprenging, boring, oppankring, utnytting av mineralske ressursar, utslepp av kjølevatn frå land og omrøring av vassmassar. Forsøpling er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- a) gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, oljevern-, rednings- og oppsynsverksemd (ikkje øvingsverksemd), samt gjennomføring av skjøtsel eller forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta
- b) rydding av båtstøer og båtutsett som ikkje krev gravemaskin, sprengingsarbeid eller støyping
- c) hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og anna gjeldande lovverk, med unntak for:
1. hausting av stortare i området vist som sone A i vernekartet, likevel slik at sanking av tang og tare ned til lågaste flomål for rettshavarar eller til undervisning er tillate
 2. bruk av reiskap som blir slept under fisket og i samband med det kan røre botnen, likevel slik at bruk av snurrevad er lov
- d) plukking av skjell
- e) søk etter og oppreinsking av tapte fiskereiskap
- f) fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskelova
- g) tradisjonell låssetjing av fisk
- h) jakt og fangst i samsvar med andre lover og forskrifter
- i) ferdsel og oppankring med båt eller andre fartøy
- j) etablering av mindre fortøyingsfeste for småbåt og til låssetjing av fisk, medrekna fastfortøyning og dragfortøyning, når fortøyingsmiddelet er i eit materiale som ikkje forureinar
- k) lagring av snurrevadtau eller liknande på sjøbotnen
- l) drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar
- m) drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna avløpsleidningar
- n) drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynt istandsetting ved akutt utfall
- o) oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar som ikkje er i samsvar med verneformålet

§ 5. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleiltak for å trygge ferdsel til sjøs
- b) akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet
- c) levandelagring av villfanga fisk inntil 12 veker
- d) legging av kablar og røyrleidningar, og så langt som mogleg samla i korridorar
- e) oppgradering og fornying av sjøkablar som ikkje fell under § 4
- f) tekniske tiltak som inneber små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkludert vassutskifting og straumforhold nemneverdig, medrekna mellom anna flytebrygger og fortøyningar
- g) vedlikehaldsmudring
- h) istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne

- i) uttak av framande, introduserte artar

§ 6. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldlova § 48.

§ 7. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan iverksette tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstanden som er formålet med vernet, i samsvar med naturmangfaldlova § 47.

§ 8. (forvaltingsplan)

Forvaltingsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning og skjøtsel av det marine verneområdet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9. (forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.


§ 10. (rådgjevande utval)

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av verneområdet.

§ 11. (iverksetjing)

Denne forskrifta tar til å gjelde straks.

10. Vernekart



STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr

